



Den beste forma for forkyning er salmesong, sa m.a. Kristian Bringedal.

«Mi livs- og trusreise» var tittelen på kåseriet som Kristian Bringedal heldt i Husnes bedehus torsdag kveld. Det blei eit interessant møte, der vi fekk innblikk i ei ny side av den tidlegare kultursjefen. Han var personleg, open og ærleg om mangt av det han har vore gjennom i livet sitt, og fortalte gripande om spesielle hendingar. Ei hending frå 1975 gløymer han aldri. Han var 25 år og lærar på Sunnhordland folkehøgskule på Halsnøy då to elevar døydde av hjernehinnebetennelse på eit vinteropphald på Mjølfjell.

Bringedal fortalde om fellesskap på arbeidsplassen sin i ein vanskeleg periode av livet sitt, og kor godt det var å ha nære og ekte vener å snakka med. Vi fekk innblikk i barndom og oppvekst i Uskedalen på 1950- og 60-talet, viktige år i livet hans. Han fortalte om skuletida, lagslivet og endatil frå bedehusmiljøet, der Kristian fekk vera med. Vi fekk høyra om lærarutdanninga, åra på folkehøgskulen og ikkje minst om sommarjobben på HSD sine ferjer i 14 – 15 år.

Bringedal har aldri søkt på ein jobb, fortalde han, utan å framstå som ein skrytepave. Eg har alltid blitt beden om å ta jobbane eg har hatt, sa han.

– Eg har lagt vekt på å kunna utvikla meg som menneske, finna meg sjølv – og vera trygg på det eg gjer, sa Kristian.

I ungdommen ville han helst blitt sjømann, koma seg ut i verda og segla på dei store hav. Men faren, som var kaptein i utanriksfart med ansvar for mange andre sjøfolk, sette foten ned. Du skal ikkje reisa til sjøs, var beskjeden ungguten fekk då sjømannsdraumen hans brast.

Kristne verdiar

Bringedal kom òg inn på kristne verdiar, om tru og tvil. For han er dåpen, nattverden, truedkjeninga og bøn avgjerande for trua. Han har ikkje lete seg påverka av ulike straumdrag i tida. Når nokon framsto som

belærende, var eg alltid skeptisk, vedgjekk kåsøren. I dag kjenner han seg trygg både i høve til kristentru og elles i livet. Eg har vore oppteken av tradisjonar, samtidig som eg har vilja vera nyskapande. Tradisjon og nyskaping går hand i hand, ikkje kopiering, men det å skapa på nytt.

Om forkynninga i kristen samanheng sa han dette:

– Den beste forma for forkynning, er salmesong, brukslyrikken der tekst, melodi og framføring i eit sosialt fellesskap er avgjerande for kva nytte og verknad det har.

Kristian Bringedal filosoferer heile tida over livet og det han har opplevd på reisa si. Og enno søker han etter meir kunnskap om mykje av det han har fått vore med på.

– Det er ei tid for alt, sa den tidlegare kultursjefen. Det er også ei tid for å la seg utfordra i å snakka om sitt livssyn på ein ny arena. Kåseriet i bedehuset denne kvelden var både personleg og tankevekkjande. Det var òg fint å oppleve balansegangen mellom det vi kjenner som eit kristent vitnesbyrd og Bringedal si ekte forteljing om livet sitt. Vel tretti personar fekk innblikk i livs- og trusreisa hans.



Tidlegare misjonær Gunnar Kjærland var ein av dei som hørde på Kristian Bringedal i Husnes bedehus

Tekst og foto: Kristian Hus

Nett: Thor Inge Døssland